

## **Reglement Grendacupen 2023.**

Det blir spelt med vanlege five-a-side reglar med nokon unntak.

Fem spelarar på bana. (Inkludert keeper)

Kampane vert spelt med filtball

Ballen kan ikkje kastast frå keeper og over midten, om ballen har vore ute av spel. Utspark er ikkje lovleg.

Når ballen går ut over sidelinja er det innspark og ikkje innkast.

Det er ikkje lov med sklitakling, dette fører til frispark (gult kort).

Mål: 7-ar

### **Speletid:**

Dei innleiande kampane: 1 x 15(12) minutt. (Speletid per kamp kan reduserast ved behov.)

I sluttspellet aukar speletida til 1 x 20 minutt.

Ved uavgjort etter full tid i sluttspellet, skal kvart lag ta ein spelar av bana. Dette vil gjenta seg kvart minutt, til det er to spelarar att på kvart lag.

### **Kort/åtvaring:**

Det må sonast 1 kamp ved 2 gule kort i 2 forskjellige kampar i puljespelet. Etter puljespelet vert kort nullt ut og ein må sone ved 2 nye kort i sluttspellet.

Kort vert nullt ut etter semifinale, slik at ingen må sone evt. finale.

Raude kort (direkte) vil uansett måtte sonast, også evt finale. Ved svært alvorlege tilfeller vert jury kalla saman og det kan gjevast soning utover 1 kamp.

Ved to gule kort i same kamp, må spelaren sone resten av kampen.

Etter to minutt kan laget sette inn ein ny spelar.

Ved direkte raudt kort blir det direkte soning i den kampen som er i gong, og ein må og sone påfølgjande kamp. Etter to minutt kan laget sette inn ein ny spelar.